

Jordbruk og sjøbruk

NO Kulturmiljøet i Holmsund på Valland er typisk for Hardanger. Historia til staden fortel om småbruk kombinert med båtbygging, med sjøfart, og seinare med industriarbeid. Dette var typiske kombinasjonsnæringar. Båtar har blitt bygde ved fjorden så lenge her har budd folk, og fjorden var viktigaste ferdslåra heilt fram til kring 1950. Det finst ikkje mange kulturmiljø i offentleg eige, som kan fortelja om kor sterkt Hardanger si historie har vore bunden til båtbygging og sjøfart. Holmsund er eit viktig kulturmiljø å ta vare på. Huset vert brukt av Kvam herad.

Sanden mellom Hønsaholmen og Holmsund har truleg gitt Valland namn. Varer som skulle til og frå grenda vart tatt i land frå båt, og om bord i båt, ved svaberget på sørvestsida av Hønsaholmen, der det er djupt, og når det var flo måtte folk vassa i land over sanden. Valland er skrive Valðanda i Bergens kalvskinn (1360), Walland på 15-1600-talet, og uttala Vadland i seinare tid. Mest truleg er det samansett av vaðill - ein stad der ein kan vassa, eit vad, og land.

Farming and fishing

ENG The cultural landscape on Holmsund farm in the village of Valland are typical of the Hardanger region. Historically, locals have combined farming with boat-building, seafaring and, later on, industry. Boats have been built along the fjord for as long as people have lived here, and the fjord remained the most important transport route up until around 1950. There are few historic buildings left in public ownership to bear witness to how the area's history has always been inextricably linked to boatbuilding and seafaring. Holmsund is an important heritage site that must be preserved. The building is being used by Kvam municipality. The village of Valland is thought to take its name from sandy shallows between the Hønsaholmen islet and Holmsund farm. Goods coming in and out of the village were landed and loaded by boat on the rocks on the south-west side of Hønsaholmen where the water is fairly deep. At high tide people had to wade across the sands to the shore. Valland is likely to be a compound made up of the words vaðill (a place for wading) and land.

SMÅBRUK OG BÅTBYGGING

Dei første me veit budde i Holmsund var Sjur Larsson Norheim, som var båtbyggjar og snikkar, og kona hans Anna Larsdotter Neteland. I året 1878 kjøpte dei jorda og bygde bustadhus, eldhus og verkstad. Sjur dreiv med båtbygging i verkstaden, og sønene hjelpte til. I 1890-åra gjekk dei konkurs, og familien flytta til Austlandet. Etter ein del år austpå kom dei attende og kjøpte Holmstrand, naboeigedomen til Holmsund. Her sette dei opp verkstad, og dreiv på nytt med båtbygging på Valland.

SMÅBRUK OG SJØFART

Jakteskipper Kristoffer K. Sollesnes og kona hans Marita H. Fresvik kjøpte Holmsund i år 1898. Kristoffer kom frå Solesnes, på den andre sida av fjorden. Han var ein av fleire jakteskipperar frå den sida, som kjøpte sjøeigedom og busette seg i Kvam. Dei bygde løe/ fjøs, naust og hønsarhus, og utvida bustadhuset.

Kristoffer dreiv først med torskeoppkjøp i Nord-Noreg, seinare med brislingfiske i fjorden. Når han var heime, låg fartøyet utanfor Holmsund mellom Høno og fastlandet. Kristoffer arva farsgarden og eit hellebrot i Solesnes. Han kjøpte motorbåt, og dreiv hellebrotet fram til sonen kunne overta garden og drifta i Solesnes.

Marita kom frå Sørfjorden. Ho hadde budd mange år i Amerika, der ho var kokke i velstående familiar og lærde seg hagebruk. I Holmsund dyrka ho mange slags grønnsaker. Dei planta kring 30 frukttre og hadde bærbuskar. To kyr, ein gris og ei geit hadde dei, og på Hønsaholmen gjekk omlag 35 høns. Sauekjøt kom frå Solesnes, og fisk frå fjorden. Dei var langt på veg sjølvforsynte med mat.

SMÅBRUK OG INDUSTRI

Anna Julie Sollesnes, dotter til Marita og Kristoffer, var utdanna barnepleierske. Ho arbeidde nokre år i Bergen, før ho som yngste dotter i familien reiste heim for å ta seg av foreldra då dei vart gamle, slik skikken var. Her heime arbeidde ho i familiar, og praktiserte litt som jordmor. Ho overtok småbruket og gifta seg med Torgeir P. Svåsand frå Svåsand, som var skiftarbeidar ved Bjølvefossen i Ålvik. Dei dreiv med frukt og poteter, gris og høns. Eigedomen vart ekspropiert til offentleg friluftsområde i 1993.



Nationaldrakter fra Hardanger. Fot. Normann 10090



Over: Småbruket Holmsund kring 1900. Marita Sollesnes med døtre.

Til høgre: Marita og Kristoffer Sollesnes med borna Kristoffer, Anne Margrethe (Birkeland), Borghild Maria (Øvsthus) og Anna Julie (Svåsand) kring 1930.

Nede til høgre: Holmsund kring 1950 med løa til venstre, og Sjuragarden bak.

Under: Holmsund og Vallandsholmane kring 1914. På Lyktholmen var ei fyrlykt, som måtte fyllast med olje og tennast kvar kveld. Boletta Valland, nabo i Hovden, var aleine med fem born. Ho hadde arbeid med å ro ut og tenna lykta. I dårleg ver fekk ho ofte hjelp av karane i Holmsund.

Til venstre: Bunadskledde jenter ved Holmsund, og seglskute på fjorden.

